



STRANDEBARN



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

# KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 1 • MARS 2021  
82. ÅRGANG



**Påskeandakt**  
**- Augevitne fortel**  
side 3

**Marita Bjørke Ådland**  
**- Eit liv i kyrkja**  
side 4 og 5

**Klyve**  
**i Kenya**  
side 11

## FRAMSIDA

Gode kollegaer som både tenkjer og (av og til) kler seg likt. Kan det vera anane frå Kvam som slår inn? På bilettet på framsida ser me kateket i Slemmestad og Nærnes menighet Ellen Sæle Hansen med mor frå Kvam og sokneprest Marita Bjørke Ådland som vaks opp i Kvam, sjå meir side 4-5.

## BAKSIDA

### Jesu oppstode

Solrunn Nes fortel om ikonet sitt Jesu oppstode frå ikonserien Rosenkransen, sjå inne i bladet:

”I den austlege kyrkjetradisjonen vert Jesu oppstode framstilt som siger over døden. Frelsaren stig ned i underverda og reiser opp Adam og Eva frå dødens fangenskap. Portane inn til dødsriket er sprengde, og Hades, dødens fyrste er bunden for alltid.

David og Salomo står i kongeleg skrud med kvar sin skriftrull i handa. Dei samtalar om det som her går i oppfylling.

Dei representerer kongane og profetane i Det gamle testamente, og desse rollane peikar fram mot Kristus sjølv.”

Redaksjonen takkar for velviljug løyve til å bruka ikonet.

## LEIAR

### Den gode skvisen

Dei fleste vigslane i Vikøy sokn skjer i Vikøy kyrkje, sjølv om Norheimsund kyrkje er større og meir moderne. Mange vil heller gå til gudsteneste i ein gamal middelalderkatedral enn i ei kyrkje som i beste fall kan minna om eit påkosta offentleg bygg.

Den kristne kyrkja har alltid stått i den gode skvisen mellom det som har vore og det som vil verta, i arkitekturen, i musikken, i ord og former. Endåtil i Bibelen ser me det. Sjølv om Jesus Kristus sa at all mat er rein, så måtte dei første læresveinane få eit syn frå himmelen for å eta maten dei andre folkeslaga åt og som i utgangspunktet det var uaktuell for dei å eta.

I vår tid kan me dra på smilebandet av tidlegare generasjonar sin motvilje mot trekkspel, trommer, elektriske gitarar og anna som ikkje høvde seg å nytta i eit heilagt hus.

På den andre sida kan me lura på om me har mista noko på vegen når alt vert lov.

Frå Bibelen har me uttrykt «Jøde for jøde og grekar for grekar». Underforstått: me skal ta omsyn til dei me er samene med. I teorien er det enkelt.

Lars Arne Vik

Redaktør



Men når me td i ei gudsteneste skal velja salmar som både unge konfirmantar og godt vaksne skal lika og vera med å syngja, så står me der. Og me prøver så godt me kan å møta alle, med meir eller mindre vellukka resultat. Vel me gamle salmar, er det galt, og vel me nye, er det endå meir galt.

I gudstenesteliturgien brukar me dei gamle greske og latinske orda. «Kyrie eleison» er greske ord og «Gloria» latinsk. Skal me og bruka tilsvarende gamle melodiar, som har overlevd opp gjennom tidene, vist seg slitesterke, eller skal me nytta meir moderne rytme og stil? Eller landar med ein eller anna plass i midten?

Til lags åt alle kan ingen gjera, seier ordtaket. Alt var ikkje betre før! Alt vert ikkje betre om me kuttar alle band bakover.

Som kristen kyrkje står me i den gode skvisen mellom det som ein gong var og det som vil verta. Og me undrar oss over og tilber han som vart menneske, inn i ei tid og ein kultur, som lei, døydde og stod opp att den tredje dagen.

God påske!



#### Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

#### Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

#### Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

#### Trykk:

HBO Nova Print AS



Miljømerket trykksak 241 600



#### Kontingent:

Friviljug

#### Annonser:

Kontakt redaksjonen

#### Bankkontonummer:

3530 007 06922 for kontingentar og gåver

#### Opplag:

3800 pr. nummer. Fire nummer i året.

#### Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellestråd

#### Telefon:

56 55 18 88

#### E-post:

post.kvam@kyrkja.no

#### Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjev. 40, Norheimsund

#### Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**

www.kyrkja.no/Kvam

#### Facebook:



Den norske kyrkja i Kvam

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einskilde sokneråd.**

#### Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme,  
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

#### Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik,  
lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 449

#### Kyrkjevevja i Kvam:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland,  
se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

#### Rådsleiarar

##### Strandebarm sokn:

Olav Per Tombre,  
olav@tombre.no

##### Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,  
ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

##### Øystese sokn:

Oddvar Ulltang,  
oddvar@ulltang.net

##### Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,  
ragnhild.nordheim@gmail.com

##### Kvam kyrkjelege fellestråd:

Olav Per Tombre,  
olav@tombre.no

##### Organisasjonsnummer

**Kvam kyrkjelege fellestråd:**  
976 995 082

# Augevitne fortel

Eli Skåland Tveitane

Leiar av  
Norheimsund indremisjon

«Fake news» er ikkje noko nytt under sola, skriv Eli Skåland Tveitane i påskeandakten.

Påskan har mange dramatiske forteljingar om dei siste dagane i Jesu liv på jorda. Han vart hylla som konge ved inngangen til Jerusalem, etterpå viser han venene sine korleis dei kan ha det rette tenarsinn. Vidare les me om dei religiøse leiarane sitt maktspel og bestikking med sølvpenigar og Peter sitt personlege svik med påfølgjande tilgjeving. Soldaten fekk øyra sitt hogd av, men Jesus lækte han der og då. Så vart «fake» vitne kalla inn i rettssaka og det enda med eit forhasta justismord. Mykje av dette vart tolka som oppfyljing av profetiar frå Det gamle testamentet.

Det som skjedde er grundig dokumentert, først gjennom munnleg forteljartradisjon, så nedskrive og samla slik me har det tilgjengeleg i Bibelen. Evangelia etter Matteus, Markus, Lukas og Johannes har også blitt kalla «Lidingssoge med lang innleiing». Det som var maktpåleggjande for dei å fortelja vidare var alt det som skjedde denne påskan, og ikkje minst Jesu oppstoda frå døden. Grunnlaget for den kristne kyrkja vart lagd *då Jesus viste seg levande* først for Maria Magdalena, så for dei to på vegen, deretter Simon, så dei elleve læresveinane, så til slutt for ein flokk på 500. Alle desse var augevitne. Ikkje rart at helsinga deira vart «Herren er sanneleg stått opp og har synt seg for Simon», Luk 24,34.

Augevitne har ei viktig rolle i rettssalen, deira vitnemål kan vera avgjerande. «Fake news» er ikkje noko nytt under sola. «Sei at læresveinane hans kom om natta og stal han medan de sov. Og skulle landshovdingen få høyra om det, skal vi snakka med han, så de kan vera trygge» (Matt 28,13-14). Dei som hadde interesse av å bortforklare Jesu oppstoda, hadde ulike tilnærmingar. Men augevitna til oppstoda var mange. Gud reiste Jesus opp frå døden, og hans død vart til siger! Ein døydde for alle menneske, slik at alle dei som trur på Han har evig liv, er Bibelen sin bodskap.

Påske 2003 var me i Bamako, hovudstaden i Mali. Ein medarbeidar som ikkje var



Mange vil vita meir om Jesus Mali. På biletet ser me Adama. Foto: EST

kristen, ville bli med oss på påskefeiring i ei enkel kyrkja i millionbyen. Han var oppvaksen blant gjetarar og saue- og kyr-eigarar. Påskepreika den dagen brukte biletet av Jesus som den gode gjetaren som gav livet sitt for sauene, og at det var eigentleg det som skjedde i påskeforteljinga. For medarbeidaren vår vart dette eit vendepunkt i livet. Han hadde aldri høyrte om ein religion der Gud bøyer seg heilt ned til menneska, ja, endåtil gav seg sjølv for menneska. Snakk om guddommeleg kjærleik! Dette ville han vita meir om.

Tekstane frå desse augevitna minner oss om at me lever i ei ny tid der han er nær ved sin Ande. «Deg være ære, Herre over dødens makt». Slik Peter vart møtt av Jesus blikk med tilgjeving og oppreising, erfarer mange menneske i alle deler av verda Jesu blikk gjennom Bibellesing, bøn og lovprising, og at livet får ny mening og retning. Fordi Jesus lever i dag!

«Jesus er oppstaden!» «Ja, han er sanneleg oppstaden!»

## Snublesteinane i Ålvik

Den internasjonale holocaustdagen 27. januar vart markert med at ein krans vart lagt ned på dei tre snublesteinane på torget i Ålvik. Så gjekk det ut ei oppfordring om å leggja turen forbi steinane, vera stille og tenna lys. Vonlegvis kan me markera det annleis i 2022. (LAV)



## - Eit liv i kyrkja

**- Eigentleg er det jo det kyrkja skal vera, kort oppsummert: Sjå andre, ta folks liv på alvor og tilby gode relasjonar som igjen skapar rom for tru, seier sokneprest Marita Bjørke Ådland i Slemmestad og Nærnes menighet i Asker prosti, oppvaksen i Kvam. Kyrkjebladet har utfordra henne til å dela nokre tankar om kyrkja – før, no og framover.**

Takk for skriveoppdraget! Eg begynner der det begynte for meg: Den 21. april 1974 blei eg boren til dåpen i Vikøy kyrkje. I dåpen blei kyrkja min andre heim. Det fellesskapet har bore og ber meg framleis. Eg blir aldri lei av å løfta fram dåpens plass i våre liv og i våre fellesskap. Dåpen samlar oss om det aller viktigaste, og den minner oss om at ingen kan bera seg sjølv. Vi er borne av Guds nåde, alle som ein, i stort og smått. Dåpen er ei nådekjelde og ei livskjelde som aldri går tom. «Dåpens lys forblir når livet slukner» står det i Svein Ellingsens fantastiske dapsalme.

### Pastellfarga dresser

Like vakker som dåpsdagen min, var konfirmasjonsdagen min i mai 1989. Nystrokne bunadsskjorter, alle i bunad, gutane i pastellfarga dressar i magebeltets tid. Søl-jene skein om kapp med vårsola. Det var høgtid og andakt over den dagen i Vikøy kyrkje. Det er ikkje mange dagar eg hugsar så klart tilbake på, men konfirmasjonsdagen min lyser framleis som eit nydeleg minne. Aldri følte eg at det handla om det eg hadde pugga eller det eg skulle læra. Nei, det handla om at eg blei tatt imot av Gud, at presten la handa på mitt hovud og at mitt liv og mi framtid blei velsigna. Intet mindre. For meg som prest, er konfirmasjonsdagane i kyrkjelyden årets høgdepunkt. Dei gode blikka frå spente konfirmantar, raust å få dela ut og formidla Guds store JA til ungdommane – det finst ikkje noko betre. At vi som kyrkje får vera der, midt i dei tøffe og fine tenåra, er ei gåve.

Mi eiga konfirmasjonstid var heilt topp! Vi hadde Liv Solfrid Lid som konfirmantlærar, og ho inviterte oss til og med heim! Ho investerte i oss og ho såg oss som menneske. Og så var det moro. Humor, varme og gode relasjonar er heilt sentralt når ein skal bygga opp gode fellesskap og

skapa rom for tru. Mi konfirmasjonstid gjekk jo føre seg i dei nyskapande 80-åra, så vi hadde musikal, må vita. Borte var overhøyring og pugging. I Vikøy kyrkje song vi utvalde songar som på ulike vis sa noko om det å vera ung og det å tru. Eg hugsar berre den eine av dei enno; «Ungdommens frelser, hør oss når vi beder, let etter dem som ennå selv ei leter. Døvet av verdens lys og larm og pine, er de dog dine, er de dog dine».

*Eg får framleis frysnin-gar av å tenka tilbake på når vi song denne songen, med Olav Skeie Lid som solist.*

### Lov å koma heim

Ein kan jo saktens trekka litt på smilebandet av denne songteksten, men eg hugsar at eg likte denne salmen. Og eg liker den i grunnen enno, for den løftar jo fram mitt anliggende frå lenger oppe her, om dåpen: Uansett kor i verda vi vankar og korleis livet fer med oss, så får vi kalla oss Guds barn. Kanskje er denne salmen grunnlaget for at eg aldri blir lei av historien om «den bortkomne sonen» (eller «sonen som kom heim», som teksten no heiter – eit interessant og godt fokusskifte, spør du meg!). Den historia, mest av alt, fortel meg at det alltid er lov å komma heim, at det alltid er lov å komma tilbake til dit ein kom frå, og at vi alltid er i Guds kjærleik. Ingenting av det eg har gjort, skal stenga meg ute. Ingen moralske peikefingrar skal seia at eg ikkje er god nok eller ikkje fortener ein plass ved nattverdbordet. Gud er kjærleik. Og Gud står alltid der, i porten og ventar.

### Skikkeleg bedehusjente

Eg var ikkje alltid så mykje i kyrkja i barndommen, men veldig mykje på bedehuset. Lærdomen derfrå ber eg med meg i hjartet, i haldning og i forkynning. Eg var og er ei skikkeleg bedehusjente.

Eg lærte så mykje og hadde så mykje glede der, heilt frå søndagsskulen, gjennom Ungdomskoret (takk, Olav Skeie Lid!), men også ungdomsklubben i kjellaren med trufaste Bjarne Neteland og Olav Helle-

ve som steikte Prima pizza til oss, selte Cola og peanøter gjennom luka og var der for og med oss. Eg har tenkt på det mange gongar etterpå; kva det betyr med foreldre som stiller opp. Eg lærte noko om frivillighet og dugnadsinnsats gjennom livet på bedehuset – ikkje minst gjennom dei utallige timane som mor Brit og far Lars la ned der i frivillig arbeid, i styre og stell, møteveker og vaktmestertjeneste, basar og juletreffstar. Engasjement frå foreldre trur eg er ein av dei viktigaste årsakene til at barn ser verdien av og finn seg til rette i kyrkja (og i alle andre aktivitetar). Handling, det vi gjer, seier ofte meir enn ord.

Apropos frivillighet: Bygginga av Norheimsund kyrkje og den frivillige innsatsen som blei lagt ned der, imponerte meg veldig. Eg trur, og eg følte, at bygginga av Norheimsund kyrkje, denne fabelaktige, vakre og samtidig moderne katedralen (sei frå om de treng ferievikar!) vitaliserte kyrkjelivet i Norheimsund, vil eg påstå. For meg var det definitive høgdepunktet i kyrkjeåret både mens eg budde heime og mange år etter at eg hadde flytta heimefrå, å synga «Påskemorgen slukker sorgen» i Norheimsund kyrkje. Eg ser tilbake på kyrkjelyden i Norheimsund (og Vikøy!) som eit ordentleg kraftsentrum. Eg var på gudsteneste der seinast i sommar, og eg har fylgt med på gode digitale sendingar gjennom koronatida. Det er alltid ei glede å «komma heim», også digitalt.

### Folk treng kyrkja

Koronaåret utfordrar oss på mange vis. I kyrkjelyden der eg jobbar, har vi satsa på digitale, enkle sendingar via Facebook. Her har vi alt frå korte, humoristiske snuttar, til andaktsinnslag, song, musikk og konfirmantundervisning – når vi må. (Sjekk ut «Slemmestad og Nærnes menighet» på Facebook!) Kyrkja må by på seg sjølv, vera relevant inn i folk sitt liv, snakka eit språk som kyrkjelyden kan relatera seg til, ha kaffien klar når nokon stikk innom. For folk treng kyrkja, og det diakonale mot-taksapparatet må fungera. Dåpsfamiliane treng kyrkja, konfirmantane og konfirmantforeldra treng kyrkja!

I år har eg hovudansvaret for konfirmantane våre, fordi min gode kateketkollega Ellen Sæle Hansen (som også har slekt i Norheimsund!) har permisjon. Eg vil vera



**-Eg får framleis frysningar av å tenka tilbake på når vi song den nynorske versjonen av «To God be the Glory» då Norheimsund kyrkje vart vigsla, seier Marita Bjørke Ådland, sokneprest i Slemmestad og Nærnes menighet.**

ein slik konfirmantlærer som eg hugsar at Liv Solfrid Lid var; ei som såg oss, som tok oss på alvor og møtte oss med humor og varme. Eigentleg er det jo det kyrkja skal vera, kort oppsummert: Sjå andre, ta folks liv på alvor og tilby gode relasjonar som igjen skapar rom for tru.

### **Strikkemønster for tankane**

Forfattaren Bjørn Hatterud har sagt følgjande i boka *Mjøsa rundt med mor* (herved anbefalt!): «Heimlassen vil for alltid vere innpoda i oss, som eit strikkemønster vi legg tankane etter». Det er godt sagt! Og det gjeld på godt og vondt. Etter å ha jobba som lektor ved Kristelig Gymnasium i Oslo i mange år, blei eg altså prest og jobbar no på sjetten året som sokneprest i Slemmestad og Nærnes menighet.

Veien til prestetenesta har vore lang, spennande og med nokre svingar som har gjort det naudsynt med både tilbakeblikk og framoverblikk. For kven og kva er det som formar trua vår? Ikkje alt eg høyrte, lærte eller ante i ulike kyrkjelege samanhengar heime, har eg valt å ta med meg vidare. Først og fremst handlar det om at det for meg er viktig å kunna vera den eg er, at det kyrkjelege rommet på eit vis har blitt større dei siste åra. I dåpen blei eg oppreist til eit nytt liv. Det er eit liv

i fridom der eg kan kjenna meg sett og elska av Gud, både i tenesta som prest, og i livet elles. Når Jesus gjorde under, når han hjalp menneske, når han provoserte omgjevnadene, så var det med ein ting for augo: Å gje menneske eit betre liv, gjera dei frie og lata dei finna sin plass i eige liv, setja dei fri frå skam og føra dei tilbake til fellesskapet.

Eg kunne nok, når eg ser tilbake, ønska meg ei høgare dør og ein litt vidare port inn til det kristne fellesskapet. Eit par kvinnelege prestar hadde heller ikkje vore så dumt. Eg trur det er godt for oss å møte det som er annleis, det som utfordrar, og det som får oss til å bevega oss. For våre haldningar og handlingar og vårt tankesett handlar ikkje alltid om rett eller vrang teologi, men om frykt for det som er ukjent.

Ting er ikkje nødvendigvis godt eller bra sjølv om det alltid har vore slik. Engelen på Betlehemsmarkene sa til gjetarane: «Ver ikkje redde». Det trur eg også er viktig å seia i 2021. For Jesus seier: «I huset til far min er det mange rom» (Joh. 14,2). Har vi rom? Rom for det som er nytt, rom for å opna opp for det som er ukjent, for det som er litt annleis? Rom for kvarandre?

### **Frys framleis**

Då Norheimsund kyrkje blei vigsla, song Ungdomskoret (om eg hugsar rett). Eg hugsar i alle fall at vi mange gongar i Norheimsund kyrkje har sunge «Vår Gud skal ha æra», den nynorske versjonen av «To God be the Glory». Eg får framleis frysningar av å tenka tilbake på når vi song denne songen, med Olav Skeie Lid som solist. Refrengnet oppsummerer eigentleg trua mi og fokuset mitt:

*«Med sitt blod har han frelst meg.  
Med sin siger oppreist meg.  
Vår Gud skal ha æra for alt han har gjort».*

Gud har gjort og gjer mange ting, i mitt liv og ditt liv, i verda og i fellesskapet vårt. Også i koronaåret verkar Gud. Gud er i lidinga, i einsemda, i mørkret og i ljuset. Gud er alltid der. I det eg skriv desse orda, smyg februarssola seg inn vindaugget på arbeidsrommet heime på Høvik. Det minner meg om at lyset vi treng, finst. Der ute i verda, inne i oss sjølve og, ikkje minst, i den kristne fellesskapen der vi høyrer til. Gud er i alt.

**Marita Bjørke Ådland  
sokneprest i Slemmestad og  
Nærnes menighet (Asker prosti)**

# Rosenkransen og Jesusbøna

For dei som søker eit rikare trusliv, har desse mysteria ei særleg kraft i seg til å utvida det åndelege perspektivet, skriv Addison Hogdes Hart og Solrun Nes i denne artikkelen.

Dei tjue mysteria i rosenkransen er eit sirkulært galleri, ei samanhengande serie av teologi og spiritualitet. Dei kan inspirera oss på eit djupt plan. For dei som søker eit rikare trusliv, har desse mysteria ei særleg kraft i seg til å utvida det åndelege perspektivet.

Denne tradisjonelle bønforma oppstod i Den romerske kyrkja i mellomalderen og vart svært populær, særleg blant lekfolk. Rosenkransen inneheld fem gonger ti perler. Kvar gruppe vert kalla ein deka-de. Det er ei perle mellom kvar deka-de. I tillegg er det fem perler som heng ned frå kransen, samt ein Mariamedaljong og eit krusifiks. Den bedande byrjar med krossteiknet. Ved krusifikset les ein truvedkjeninga. Ved dei store perlene vert «Fader vår» resitert, og på dei små perlene «Hill deg Maria». Etter kvar deka-de og før «Fader vår», les ein «Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande. Som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen».

## Rytme og repetisjon

Kvar av det små perlene refererer til ei sentral, frelseshistorisk hending som ein mediterer over. Rytmen og repetisjonen gjer det lett å fylgja frelseshendingane slik dei vert skildra i evangelia.

I løpet av sommaren 2021 vil det bli publisert ei bok på det USA-baserte forlaget Wipf & Stock med tittelen «Silent Rosary». Solrunn Nes har malt dei tjue motiva i Rosenkransen og kvart bilete er supplert med forklarande kommentarar av Addison Hart. Desse inneheld bibelsk eksegese, relevante historiske detaljar og innsikt frå klassiske, åndelege forfattarar. Målet er å gje innsikt i symbolikken og typologien til kvart mysterium og å leia lesaren mot kontemplativ bøn og praksis. Boka sameinar eit ytre blick på rosenkransens mysterier med den indre øvinga av stille, åndeleg arbeid.

## Sentrale hendingar

Motiva i Rosenkransen dveler ved sentrale hendingar i Jesu og Marias liv. Kvart motiv vert kalla eit mysterium. Den opp-



**Addison Hodges Hart, opphavelg frå Maryland, USA, er utdanna som teolog og arbeider som forfatter. Han har praktisert som prest i tjue år i Den anglikanske kyrkja og Den katolske kyrkja, er gift med ikonkunstnar Solrunn Nes og har budd i Kvam sidan 2009.**

havelege meininga med dette ordet er «sameining med det guddommelege». Det sentrale er at vi fylgjer Jesus og Maria steg for steg, perle for perle gjennom heile frelsesdramaet. Måten motiva er organiserte på står i faktaboks.

Kvart motiv i denne serien har teke om lag ein månad å framstilla. Det er planar om å visa desse ikonane i Øystese kyrkje når situasjonen tillet det. Den overordna stilen er det bysantinske formspråket, med særleg vekt på dei greske skuleringane. Ikonkunsten tek utgangspunkt i ei konkret hending med åndeleg innhald. Idealet er at essensen i kvar forteljing skal koma fram. Menneska og miljøet der dei handlar, har eit forenkla og abstrahert preg. I denne serien er det lagt inn ein del historiske referansar som så i sin tur er blitt abstraherte.

I framstillinga av Marias møte med Elisabeth, er det lagt inn to stiliserte foster, nemleg Jesus og Johannes Døyparen. Jesusbarnet velsignar den komande Døyparen og Johannes tilber Frelsaren. I bakgrunnen ser vi ein landsby med mur rundt og ein port og enkle murhus med trapper

opp til taket der langsbyfolket, og særleg kvinnene, utførte ulike aktivitetar.

I motivet som framstiller Jesus som tolvåring i tempelet, er fasaden ein gjenkjenneleg versjon av det herodianske tempelet



**Jesus vert tornekrona, eit av dei tjue ikona Solrunn Nes har laga til Rosenkransen.**



Jesus ber krossen, eit av dei tjue ikona Solrunn Nes har laga til Rosenkransen.

slik det stod i Jesu samtid. I bryllaupet i Kana, er dei keramiske vinkrukkene og dekketøyet på bordet slik vi kunne forventa det i eit jødisk miljø i antikken. I det vi kjem over i framstillingane av Jesu lidning, har dei romerske soldatane fått historisk korrekte uniformer. Kvar soldat vart utstyrt med tre våpen som dei alltid bar på seg; ein dolk, eit sverd og ein lanse. I biletserien er desse elementa inkluderte, om enn i ei forenkla form.

### Lysets mysterier

Opphavelg var det femten tema som den truande kunne reflektera over. Pave Johannes Paul II la til fem nye tema som han kalla «Lysets mysterier». Tanken var å binda saman scenane frå Jesu barndom og Jesu lidingssoge.

Rosenkransen er som ei truedkjening, frå Jesu audmjuke fødsel i Betlehem, til

hans offentlege virke, til lidning, død og oppstode. Maria representerer kyrkja; alle dei truande som ventar på at det fullkomne skal openberra seg. Marias kroning i himmelen symboliserer at heile verdsaltet er inneslutta i frelsesverket – frå enkeltmenneske til heile jordkloden og universet. Ingen skapning er utanfor Guds kjærleik.

### Jesus-bøna

Ei bøn som kristne har praktisert gjennom hundreåra, særleg i Austkyrkja, er den såkalla Jesus-bøna: «Herre Jesus Kristus, Guds Son, ha miskunn med meg, ein syndar». Dette er det same bøneropet som den blinde tiggaren uttrykte då han forstod at Jesus ville passera der han sat. Den åndelege disiplinen vi kan læra av tiggaren er eit kort og konsentrert bønerop som kan knytast til pusten og hjarteslaget – eller til eit perlekjede. Bøna er retta

## Dei tjue motiva

### 1. Gleda sine mysterier

Bodskapen til Maria  
Maria vitjar Elisabeth  
Jesu fødsel  
Jesu framstilling i templet  
Jesus som tolvåring i tempelet

### 2. Lyset sine mysterier

Jesu dåp  
Bryllaupet i Kana  
Jesus forkynner Guds Rike  
Jesu forklaring på berget  
Jesus innstiftar nattverden

### 3. Lidinga sine mysterier

Jesu i Getsemane  
Jesus vert piska  
Jesus vert tornekrone  
Jesus ber krossen  
Jesus vert krossfest

### 4. Herlegdomens mysterier

Jesu oppstode  
Jesu himmelfart  
Pinseunderet  
Marias opptaking i himmelen  
Marias kroning i himmelen

mot Frelsaren, Jesus Kristus, og innhaldet er ei bøn om miskunn. Her er vi nede på det eksistensielle grunnfjellet; dette at det syndige mennesket treng nåde. Frigjerinnga og frelsa ligg i at mennesket erkjenner dette. Jesus-bøna er ei av dei eldste bønene i den kristne tradisjonen. Perlene, eller knutane, kan vera ei konkret støtte for konsentrasjonen, og er sjølvsgatt ikkje ein føresetnad for å be. Bøn kan vera både ei form for åndeleg arbeid, men òg åndeleg kvile. Rosenkransen og Jesus-bøna har eigenskapar som leier oss nærare trua sitt mysterium.

**Addison Hogdes Hart  
og Solrun Nes**

# Fred – oppgjør med bismak

**Radiotalen til presten Kristian Ljostveit, opphavleg frå Ølve i Kvinnherad, 16. februar 1941 kunne tolkast som om han oppmoda til motstand mot okkupasjonsmakta, skriv Ove Kjell Sakseid.**

I radiotalen til Kristian Ljostveit 16. februar 1941 kunne han tolkast som om han oppmoda sterkt om motstand mot okkupasjonsmakta. Og det var sikkert litt av meininga hans også.


Kristian Ljostveit var fødd 28. januar 1892, og vaks opp som 8. barn i familien på garden Ljostveit i Ølve. På den måten er det ikkje langt frå at han er kvenning. Me kan ta oss lov å rekna han som harding. Han gjekk først lærarskulen og så studerte han til prest. Økonomien gjorde at han måtte arbeida hardt, og han gjorde unna 7 års studium på 4 år, og som oppvaksen i haugiansk-prega miljø, gjekk han sjølvsagt på Menighetsfakultetet.

Då han heldt sin første radiotale, var han prest i Larvik, og der var han og avhalden prest livet ut. Og radiotalen i 1941 fekk store ringverknadar. Det vart innført streng sensur for det som kunne seiast i slike samanhengar vidare framover.

## **Vinglande biskop?**

Då tyskarane gjekk til åtak på Noreg, var landet lite førebudd på det som hende. Det var mange meiningar om korleis åtaket skulle møtast, og ein av dei som ville gi etter var Oslo-bispen Berggrav. Han var i 1939/-40 inne på fredsmeklarlina. Så vart han ei tid med i «Administrasjonsrådet» (styringsorganet til det av Noreg som var okkupert), og på den måten med i Riksrådsforhandlingane fram til 17. juni 1940. Mange tolka det slik at bispen var tyskvenleg.

Etter Kristian Ljostveit sin radiotale i 1941, vart bispen ståande i fremste rekkje i kampen for prestane sin



«Gjorde vi rett da vil gikk til rettsoppgjør i dette veldige omfang?» spurde prest Kristian Ljostveit i ei radiotale i 1946.

fridom i utøvinga av sitt arbeid. Tyskarane hadde vedtatt at prestane si teieplikt skulle avgrensast slik at om dei vart kjende med motarbeiding av tyske haldningar, hadde dei plikt til å melda frå. Og då fleirtalet av prestane la ned arbeidet i 1942, vart han arrestert, og noko seinare sett i husarrest på hytta si. Der sat han til siste dagane av krigen. Då vart han «kidnappa» av

gode nordmenn for at han ikkje skulle bli tatt av tyskarane att.

Medan han sat i husarrest, utforma han mellom anna skriftet «Folkedommen over NS» som vart grunnleggjande for korleis NS-medlemmer vart straffa etter krigen.

I dette skriftet la han vekt på «først lova – så nåden». Alle som ikkje hadde synt seg som gode jøssingar,



skulle arresterast og straffast. Om ektemake og born vart stigmatiserte, skulle ikkje takast omsyn til. Desse fekk stempel på seg og frosne ut av «det gode selskap». Straffa for dei vart gjerne minst like tung som den som ikkje hadde trødd i rette spora.

### Ny radiotale

Søndag 24. februar 1946 var søndag sexagesima. Teksten var henta frå Matteus. Kristian Ljostveit las teksten på bokmål: «Og da han så folket ynkedes han inderlig over dem; for de var ille medfarne og forkomne, lik får som ikke har hyrde. Da sa han til sine disipler: Høsten er stor, men arbeiderne er få; bed derfor høstens herre at han vil drive arbeidere ut til sin høst! ..... Og når I går av sted, da forkynn dette budskap: Himlenes rike er kommet nær!»

Det første han sa etter at teksten var lesen, var: «Jeg sier dere med en gang at i dag kan jeg ikke annet, jeg må si dere hva Jesus sier til meg gjennom dette evangelium. Han sier meg hvordan han ser på alle dem i vårt folk som er utstøtt av folkefellesskapet og for en stor dels vedkommende er under rettsforfølging. ....»

Sjølvsagt fekk presten stempel på seg for å vera NS-venleg. Desse oversåg store delar av det han sa. Han peika på at meir enn 60.000 var stempla som landssvikarar. Når ein reknar med familiane deira var det «flere

hundre tusen i dette vårt lille folk som i dag er ille medfarne og forkomne bare av denne gruppe».

«Gjorde vi rett da vi gikk til rettsoppgjør i dette veldige omfang? At samfunnet har rett til å straffe enhver som gjør vondt, står uryggelig fast. Men rett til der, er ikke det samme som at denne rett bør brukes dersom en annen fremgangsmåte ville ført til et bedre resultat for landet og for de skyldige.»

I tre punkt grunngav han haldninga si. 1) I Bergpreika siterer Jesus frå jødane sin strafferett: Auga for auga, tann for tann, og legg til «men eg seier dykk». 2) Kvinna som var gripen i hor. Jesus seier til dei dømande: «Den av dykk som er utan synd kan kasta dei første steinen». Og 3) Likninga om dei hardhjarta medtenaren.

Me skal ikkje ta med meir av Ljostveit si preike her, men media rann over av fordøming av preika både på leiarplass, og gjennom uttalar frå autoritetar. Men Ljostveit fekk minst 455 brev frå folk som takka han for preika. Mange av desse var frå folk som kunne venta seg dom, men også svært mange som var einig i haldninga til Ljostveit.

### Den sterkaste sin rett

Det er den sterkaste sin rett å diktera historia og rettsoppgjeret etter t.d.

ein krig. Det er ikkje alltid den sterkaste har rett.

Tyskarane og norske NS-folk for hardt fram under krigen. Mange vart torturerte. Me høyrer langt mindre om norske som skamklypte og skjenda ungjenter som heldt seg med tyskarane. Heller ikkje høyrer me om gode nordmenn som viste at dei ikkje var mykje lettare på labben når dei var fangevaktarar sjølve.

I Hordaland Folkeblad stod ei lita annonse, godt avgøymt ei tid etter at krigen hadde brote ut. Det var ein som hadde snakka for høgt om to jenter frå ei av grendene i Norheimsund. I lysinga måtte han avsanna det han hadde sagt om dei. No kan me lesa tjukke bøker med namn på slike som var NS-medlemmer. Det er av ålmenn interesse å gi ut slikt, blir det sagt.

Og i år er det 75 år sidan Kristian Ljostveit heldt sin andre radiotale. Sensuren NRK innførte etter talen ville ført til at dette vart den siste, men sensuren vart ikkje følgd. Men dei to første preikene hans var dei som vart lagt mest merke til.

Ove-Kjell Sakseid



### Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (70) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksten i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese



Prost emeritus



### Som ein spør får ein svar

Soknepresten var på vitjing i småskulen før jul. Læraren hadde informert elevane grundig om kven som kom på vitjing. Til sist kom ho med følgjande viktige melding til klassen: «Når soknepresten til slutt ønskjer dykk god jul, må de alle i kor svara: «Takk i like måte!»

Timen med soknepresten gjekk greitt, den.

Til slutt sa han: «Så må de borna ha ei riktig god og velsigna julehelg. Og - så vonar eg at de blir ennå flinkare, kjekkare og klokare i det nye året!»

Einstemmig kom det frå elevane: «Takk i like måte!»

### Nye konfirmasjonsdatoar for 2021

**Søndag 12. sept:**  
Norheimsund kyrkje kl.10 og kl.12

**Søndag 12. sept:**  
Ålvik kyrkje kl.11

**Søndag 19. sept:**  
Strandebarm kyrkje kl.11

**Lørdag 18.sept:**  
Øystese kyrkje kl.10.30 og kl.12

**Søndag 19. sept:**  
Øystese kyrkje kl.11

# NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland

Kyrkjeverje



I skrivande stund nærmar me oss 12.mars, og det er eit år sidan Norge vart nedstengd, som Norge ikkje har vore nedstengd før. Det har gitt oss både erfaringar og utfordringar. Dei fleste av oss er lei av smittevernsreglar, nedstenging av samfunnet og restriksjonar me har vorte så kjende med dette året. Samstundes gjere me så godt me kan for å følgje smittevernsreglane, både som kyrkje og enkeltindivid. Gleda var stor då me endeleg fekk invitere til gudsteneste for 100 personar, med to meters avstand og tilviste plassar og registrering. Så nå håpar me på at dette verte standarden ei stund framover.

Etter ein fin, kald «austlandsvinter» kan me sjå fram mot ei lysare tid, med stell av graver og kyrkjegardar, i tillegg til den

hagen me har heime. Har du lyst til å bidra med litt hage- eller gartnerarbeid på kyrkjegarden eller rundt kyrkja? Me på kyrkjekontoret ynskjer at alle kyrkjegardane skal sjå fine og velstelte ut i sommar, og me tenkjer at det kanskje er nokon i sokna våre som har lyst til å bidra. Me håpar at me kan ha ei dugnadsgruppe i kvart sokn, som er med og held kyrkjegardane våre fine. Ta kontakt med soknerådet i soknet du bur, om du har lyst til å vere med på dugnaden.

Det siste året har me nokre gongar vald å flytta ei gudsteneste eller gravferd til Norheimsund kyrkje, rett og slett for der er det betre plass enn i dei andre kyrkjene. Eg skjønar at du har eit spesielt forhold til di kyrkje, i ditt sokn. Samstundes

håpar eg at du kjenner at du høyrer til i den norske kyrkja i Kvam, og at du tek imot invitasjonen når me inviterer til gudsteneste eller andre arrangement i ei av dei fem kyrkjene våre. Eg håpar at mange kryssar soknegrensar og kjem på gudsteneste i den kyrkja som arrangera gudsteneste, anten det er «di» kyrkje eller ei av dei andre kyrkjene våre.

Me ynskjer om ein fin vår og ei riktig god påske!

## Hanne Aga - Den lokale forfattaren



Biletet av Hanne Aga er trykt med løyve frå Nordnorsk forfattarlag, fotograf er Finn Ståle Felberg.

Løyser du kryssord? Ei nokså vanleg kryssordoppgåve er *lyriker på tre bokstaver*. Då er svaret ofte Aga. Lyrikar Hanne Aga har djupe røter i Øystese. Ho hadde fast bupæl i Tromsø, men var ofte på Børvenes, der syster Bjørg Aga framleis bur. Hanne må ha likt seg i Kvam og var støtt å sjå spaserande langs vegen, hand i hand med sin kjære. Du har kan hende høyrte om ho eller sett ho? Kanskje har du lese eit dikt eller ein tekst av ho? Eller kanskje er dette namnet heilt ukjend?

Hanne Aga (1947-2019) var opprinneleg frå Hardanger, men busett i Nord-Noreg store delar av sitt vaksne liv. Forfattarska-

pen hennar strekte seg over trettitre år, og debuten var i 1981 med diksamlinga «Skjering med lys».

Hanna Aga gav ut tolv bøker, alle poetiske. Ho hadde ei sterk røyst i det poetiske Noreg. Ho reiste land og strand med opplesingar og litterære konsertar. Tema som ho ofte kom tilbake til i tekstane sine var sorg, natur, Gud, kjærleik, menneske og død. Dikta hennar utfordra lesaren til å både tenke og reflektere. Ho utforska grensar og moglegheiter i språket og ho laga tydelege og gode bilete.

Hanne Aga vart tildelt fleire prisar og litterære stipend. Siste boka hennar var «Snart er møtet over» som kom ut i 2014.

Me er krye av at ein slik viktig lyrikar har røter i Kvam. Bøkene hennar kan du låna på biblioteket. Diktet under er henta frå «Skjering med lys».

**Kvam bibliotek**

Frå dette nummeret leverer Kvam bibliotek stoff til spalta *Den lokale forfattaren*.

### **Den oppstadne talar til ein gamal kjenning**

*I går kunne du ha narra meg,  
men ikkje i dag.  
Ein augneblink tvila eg  
på oppstoda frå dei døde.  
Men eg vil syne deg  
kista mi, av stein.  
Den er tung, men tom.*

*Saman med meg  
stod orda opp,  
og vindane spreidde dei  
i luft, vatn og jord.*

*Kamerat, om du ser meg  
i ei kiste på nytt  
så vit at eg bedreg deg,  
for kista er utan ord  
og eigentleg tom.*

*Orda mine er i dei raude rosene  
strødd på loket, eller i svart fløyel,  
i desse rosene  
som får mødrer til å gløyme si sorg  
og bryte ut:  
Så vakkert, så vakker du er.*

**Hanne Aga**

# Klyve i Kenya

-Det var godt å kome tilbake til heimen vår her etter ni månader på vent og med nettundervising frå Noreg, - sjølv om vi også hadde det godt i hytta på nabogarden i Klyve i venteperioden, skriv Anna Mette Hals Klyve i misjonærbrevet frå Nairobi, Kenya.

Det er laurdag morgon, sola er oppe før oss, i dag også. Kaffikverna får ein munnfull med eksklusive bønner frå Tanzania. Kvar gong NLMs stedlige representant, altså leiaren vår her, har vore ein tur for å besøke samarbeidskyrkjene i Tanzania, så har han med kaffi tilbake til oss som vi kan kjøpe. Forutan helsingar frå kristne brødre og søstre sør for Kilimanjaro. Dei er gratis.

Sånn, da er kaffien i koppene, og vi tek dei med ut i hagen og set oss i deilig skugge under kibandaen og snakkar om det kan vera interessant å lese om oss. - Det har nok skjedd noko i hovudet vårt, seier Gaute, -for det som før gjorde veldig inntrykk er jo vorte vanleg.

## Held hagen fri for slanger

Rett framom meg driv ein vevar og lagar lange trådar av palmeblad til reiret sitt. Det er så koseleg å sjå på at vi får heller tole skrikinga som følgjer med. Vi har elles mykje vakker fuglesong i hagen her. Konsert så lenge det er dagslys. Ein mongoosfamilie besøker oss dagleg, kikkar på oss og vi sender eit fredeleg blikk tilbake og stadfester med det avtalen om at så lenge dei held hagen fri for slanger og anna



Gaute Soldal Klyve (t v) og Iver Johannes Klyve i hagestova på tomten i Nairobi.



**Koronatiltak.** Ved porten måler vakten temperatur og spriter hendene kvar gong vi skal inn. Veninna Lydia (til venstre for Anna Mette) seier vi må helse til folk i kyrkja heime.

uty, så er dei velkomne til å forsyne seg av avokadoane som har falle ned. Det store treet har meir enn nok avokado til alle, uansett. Til oss, og til fuglar, ekorn og apekattar, sjølv om sistnemde absolutt ikkje har fått løyve til å forsyne seg! Treet rommar dessutan ei trehytte, og har dei beste klatregreiner om du spør tenåringane her.

For eit år sidan budde ca syttifem nordmenn på den store, grønne tomte her i Nairobi. Halvparten ca, var her som bibel-skuleelevar i nokre månader.

No er vi åtte vaksne og fem barn. Det var godt å kome tilbake til heimen vår her etter ni månader på vent og med nettundervising frå Noreg, -sjølv om vi også hadde det godt i hytta på nabogarden i Klyve i venteperioden.

## Kaos i munnbinda

Iver Johannes og kameraten Jens Gabriel, tenåringane på "tomta", går på amerikansk skule og klarar seg godt der, og høyrer no kor dårleg mamma er i engelsk. Eg har gutane i norsk og spansk.

Vi har hundre meter å gå til den norske skulen der Gaute er lærar i full stilling. Pandemi har ført til at det dette halvåret er berre åtte elevar der. Dei har alle minst

ein forelder som er afrikansk og dei bur rundt omkring i byen. Det er likevel mange nok til at det kan bli kaos med munnbinda som er påkrevd av styresmaktene. -Kven er dette sitt? -Du tok munnbindet mitt! Ei antistoffundersøking gjort i denne millionbyen tyder på at kanskje halvparten av innbyggjarane her har hatt korona. Det som er verre er arbeidsløysa som følgjer med restriksjonane, og svipt i økonomien. Hundretusener kjempar for det daglege brødet. Eller, ugali-en, sjølvsgt. Brød er for oss wazungu-ar.

Ingen av elevane er sjuke så langt. Det gjekk også bra da vi forrige veke hadde fem dagar leirskule på kysten. Vi lærte alle mykje om skilpadde og slanger, fiskar og korallar og dei fleste klarte svømmeknappen! -Visste du til dømes at motgift etter slangebitt blir laga ved at slangegift blir sprøyt inn i ein hest som så lagar antistoff, -som vi igjen kan hente ut og bruke som medisin?

Eg visste ikkje. Men det får meg til å tenkje på Salme 33 som vi vil helse med. Slå opp, og les den! Du finn noko om ein sterk hest der. Og noko som er enda betre.

**Mungu akubariki  
Anna Mette Hals Klyve**



**FOR 785  
MILLIONAR MENNESKE  
ER DETTE DRIKKEVATN**

**...TENK OM DU MÅTTE GI DET TIL DITT BORN?**

**REINT VATN REDDAR LIV.  
FORANDRE. FOR ANDRE.**

**Vipps** valfritt beløp til **2426**

**SMS VANN** til **2426** (250,-)

Eller gi på konto **1594 22 87493**

[fasteaksjonen.no](http://fasteaksjonen.no)



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

# Vassjenta

**Fem år gamle Champo Miyambo elsker vatn, derfor passar det henne perfekt at ho berre kan gå nokon meter bort til brønnen. Slik har det ikkje alltid vore.**

Vi møter den blide femåringen ved vasspumpa. I dag er ho med systra sin Mary på 13 år for å fylla opp vasskannene med reint vatn.

Champo bur i landsbyen Kasalaulo i Zambia samen med 1753 andre. I eit hus som ho delar med mamma Susan og sine fem sysken.

- Der borte bur eg, sier hun og peiker på eit lite hus laga av grass og leire. Utanfor trippar hønene, mens eit par av syskna hennar slappar av på trappa.

## Måtte gå i timevis

Champo er så liten at hun ikkje kan hugsa korleis det var å ikkje ha reint vatn, før Kirkens Nødhjelp bora ein brønn i 2018, måtte dei drikkja og lage mat av vatnet dei henta i elva.

Før dei fekk vatn i landsbyen, var dei mykje sjuke. Elva var deras einaste vasskilde. Den var både skiten og full av bakteriar. Mamma Susan fortel at det var mykje slit og sjukdom.

I tillegg måtte dei gå langt etter vatn.

## Glad i frukt

Champo har ikkje byrja på skulen endå, så når hun ikkje er ute og leiker med syskna eller vennane sine, likar ho å hjelpe mamma Susan med å laga mat.

- Eg er veldig glad i mango, smiler ho.

I landsbyen dyrkar dei mango, sharon og ei rotgrønnsak som heiter kassava. Den smakar nesten som potet. I tillegg sel mora hennar fisk på markedet. Så dei har ofte fisk på menyen heime.

Champo elsker å væra med familien sin, og ekstra stas er det å være med vetlebror Chishimba.

- Eg brukar å mate han, og det er morosamt

I landsbyen er dei ikkje lengre bekymra for at borna skal bli sjuke av skite vatn, men bli smitta av covid-19.

Derfor er det ekstra viktig at landsbyuarane har tilgang til reint vatn, til både håndvask og forhindring av andre sjukdomar i tillegg til pandemien.

**Anette Torjusen, KN**



## Fasteaksjonen i Kvam

I år, som i fjor, har vi pandemien som gjør at vi må finne andre måtar å ha fasteaksjonen på.

Dør-til-dør aksjon er vanskelig å gjennomføre med tanke på alt rundt smitteverntiltaket, selv om det er veldig hyggelig. Innsamlingen blir derfor heldigital i Kvam i år.

- Vipps til 2426
- Send "VANN" som sms til 2426 (250,-)
- Bruk digital innsamling på facebook.

Sjekk: "Den norsk kyrkja i Kvam" på Facebook.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

Mampion Andriamandimby, kateket



-Det er stort behov for økt kompetanse i mange praktiske fag. Dette vil gi ungdom i Nepal en større trygghet og mer håp for fremtiden, rapportere Brigte Roar Skeie, lærer ved Knarvik vidaregåande skule og med røtter i Kvam, om prosjektet som skolen samarbeider med HimalPartner om.

12. mars 2020 når Norge ble stengt ned satt jeg og Stine Rå i Nepal og lurte på hvordan hjemreisen til Norge skulle bli. For snart ett år siden var Stine og jeg var i Nepal i forbindelse med HimalPartner sitt prosjekt med yrkesfag i Nepal. Her kommer en statusrapport om prosjektet:

Det er stort behov for økt kompetanse i mange praktiske fag. Dette vil gi ungdom i Nepal en større trygghet og mer håp for fremtiden. Kvaliteten på arbeid som blir utført vil også øke ved å få bedre yrkesfaglig utdanning. I 2015 var det et stort jordskjelv som rammet Nepal. Det er fremdeles mye gjenoppbygging som gjenstår. Mydighetene har satt større krav til byggestandard for å få bedre sikring mot jordskjelv. Dette gjør at det er stort behov for kvalifisert arbeidskraft i byggindustrien.

#### Ettertraktede elever

Her kommer HimalPartner sitt prosjekt inn. Prosjektet er støttet av NORAD, og HimalPartner samarbeider med BTI (Butwal Technical Institute) i Nepal og Knarvik Vidaregåande skule. BTI er en



Byggegjeng framfor skolebygg for byggfag.

yrkesskole som ble etablert på 50-tallet av norske misjonærer. Yrkesskolen utdanner fagarbeidere til vannkraftindustrien i Nepal. Elever fra BTI er ettertraktet på grunn av kvaliteten på opplæringen og den praktiske kompetansen de får på BTI. BTI har en modell med mye praksis i bedrifter som gjør at de kan raskt bidra i arbeidslivet.

Prosjektet har tre hoveddeler. Første delen er å bidra til at BTI får en kompetent administrasjon og en organisasjonsstruktur som gjør at skolen er klar for møte utfordringene som kommer i tiden fremover. Den andre delen er å modernisere den mekaniske utdanningen til å inkludere CNC-maskinering. Siste del av prosjektet er å utarbeide nasjonale læreplaner for byggfag og etablere byggfagutdanning ved BTI.

#### Stigmatisk smitte

Nepal er sterkt preget av Covid19. Staten har få muligheter til å støtte befolkningen i hverdagen. Helsevesenet har også begrenset kapasitet og klarer ikke å behandle alle pasienter som trenger medisinsk behandling i denne pandemien. Vi i Norge er veldig heldige som har oljefondet og et helsetilbud som gjør at vi som nasjon står godt i situasjonen. I Nepal er det også stort stigma knyttet til smitte og store sosiale konsekvenser av smitte.

Tross omstendighetene har BTI klart å holde en god progressjon i prosjektet. En stor milepæl i prosjektet nådde vi i høst. Da fikk vi godkjent nasjonale læreplaner for byggfag! På skoleområdet fullføres det i disse dager tre nye bygg. To bygg skal brukes til byggfag. Det siste bygget skal huse CNC-maskiner på mekanisk avde-

## FRÅ PRESTEN SIN PENN

# Tru, håp og korona

Pandemien påverkar oss på mest alle plan. Trua vår er ikkje noko unntak. Det ytre handlar om at vi ikkje kan samlast. Slik saknar vi både det kristne fellesskapet og å få ta imot Ordet og nattverden. Godt er det at vi kan ta til oss av Ordet kvar for oss, men nattverden har vi ikkje hatt tilgjenge til på fleire månader. Då må vi vere takksame for dei digitale tenestene og fellesskapa på nettet som kyrkja no tilbyr, sjølv om dei ikkje er noko fullgod erstatning for det fysiske møtet med Gud og med menneske.

Men pandemien påverkar trua vår ikkje berre ved å hindre tilgangen til nådemidla. Koronaen har påført oss ei eksistensiell krise, der vi på ein ny og overveldande måte kjenner oss truga som både einskildmenneske og samfunn. Det handlar om liv og helse, arbeid og økonomi, fellesskap og fridom, ja, tillit og tru på framtida. Såleis må vi spørje: Kvar er Gud i alt dette?

Som kristne trur vi ikkje at Gud har påført oss dette vonde. Han står såleis ikkje bak pandemien. Men han står heller

#### Roar Strømme

Sokneprest



ikkje utanfor denne krisa. Nei, slik vi har lært Gud å kjenne i Jesus står han i dette som vi no strevar med. Såleis Gud er hos oss, som vår med-lidar og med-kjempar, ikkje minst i denne tida.

Dette gjev oss både trøyst og håp. Trøysta ligg i at vi ikkje åleine i einsemda og uroa, eller i kampen mot sjukdom og død. Håpet ligg i at det er ikkje pandemien, men Gud som skal ha siste ordet i kampen om verda og oss. Slik er vi i trua hos han som har «makta og æra», både no og i fram-

ling. Innkjøp av verktøy og maskiner står på planen for den neste perioden. Det skal blant annet importeres CNC-maskiner fra India, med utfordringer med import, transport og installasjon.

### Ny tur høsten 2021

Planen er å starte opp med nye elever høsten 2021. Da skal alt være på plass for å kunne gi lokal ungdom kompetanse som er etterspurt. Lærere ved Knarvik Vgs bidrar med faglig opplæring og støtte til lærere ved BTI. Vi planlegger en tur høsten 2021 for å bidra i oppstarten av de nye fagtilbudene.

Det er en engasjert og fantastisk stab ved BTI som ønsker det beste for Nepal! De står på for å få på plass byggene og utstyret til skolestart.

### Takke- og bønneemner

- Takk for gode folk i prosjektet og staben i Nepal
- Takk for progressjon tross omstendigheter
- Takk for engasjement i Norge
- Be for beskyttelse i innkjøpsprosesser og økonomiske utfordringer
- Be for oppstart av nye skoleklasser ved BTI
- Be for fremtiden for ungdom i Nepal

**Brigt Roar Skeie**



Håpefulle elever ved BTI sammen med Brigt Roar Skeie.

tida. Difor gjev vi ikkje opp, men kjempar på i tru og håp.

Dette gjer vi i tillit til at Gud gjer si gode gjerning i verda både gjennom dei som trur og ikkje-trur. Slik verkar han gjennom dei som står på i helse- og omsorgstenesta, dei som utviklar vaksinar og alle andre som no brukar så mykje tid og krefter på kampen mot pandemien. Dei takkar og ber vi for.

Ikkje minst takkar og ber vi for dei mange kristne kring om i verda som er

mykje hardare råka enn oss av pandemien, men som like vel kjempar på i tru, håp og kjærleik. I dette er dei eit føredøme for oss, som er til både ettertanke og inspirasjon.

Trua gjev oss ikkje noko lettvinde løysingar. Heller ikkje gjev ho oss grunn til å fortrenge eller fornekte det vonde. Men ho gjev oss tryggleik og håp, slik at vi kan framover med frimod, i tillit til Gud, vår skapar, frelsar og frigjerar.

**SJEKK**  
våre digitale produksjonar og gudstenester på [www.kyrkja.no/kvam](http://www.kyrkja.no/kvam) og på facebookside Den norske kyrkja i Kvam



# Velkommen til gudsteneste!

## Påske

### **PALMESØNDAG 28. mars**

Norheimsund kyrkje kl.11  
Palmesundagsgudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.

Ålvik kyrkje kl.17  
Påsegudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Dåp. Nattverd.

### **SKJÆRTORS DAG 1. april**

Norheimsund kyrkje kl.19  
Pasjonsgudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

### **LANGFREDAG 2. april**

Norheimsund kyrkje kl.11  
Pasjonsgudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.

### **PÅSKEAFTAN 3. april**

Øystese kyrkje kl.23.15  
Påskennattgudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme.

### **PÅSKEDAG 4. april**

Strandebarm kyrkje kl.11  
Høgtidsgudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.

Norheimsund kyrkje kl.10 og kl.12.00  
Høgtidsgudstener  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.

### **ANDRE PÅSKEDAG 5. april**

Parkgudsteneste i Øysteseparken kl.11  
Prost em Arne O Øystese.  
Inne i kyrkja ved dårleg vær.

## Påsketida

### **11. april**

Norheimsund kyrkje kl.11  
Gudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme. Dåp.  
Nattverd. Song av mannskoret Laudamus.

### **18. april**

Øystese kyrkje kl.11  
Samtalegudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.

Strandebarm kyrkje kl.11  
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.

### **20. april**

Ålvik kyrkje kl.19  
Kyrkjekveld. Sokneprest Lars Arne Vik.

### **21. april**

Norheimsund kyrkje kl.18  
Samtalegudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme og konfir-  
mantane.

### **25. april**

Friluftsgudsteneste i Vikøy sokn kl.11  
Sokneprest Lars Arne Vik og Familie-  
KRIK Kvam.

### **28. april**

Norheimsund kyrkje kl.18  
Samtalegudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme og konfir-  
mantane.

### **1. mai**

Ålvik kyrkje kl.11  
Første mai-gudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.


### **2. mai**

Norheimsund kyrkje kl.11  
Gudsteneste. Spr Roar Strømme  
Nattverd.

### **4. mai**

Strandebarm kyrkje kl.18  
Samtalegudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme og konfir-  
mantane.

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!



**STØRST AV ALT**

## Trusopplæring i Kvam våren 2021

### • **Babysong**

mandagar 15. februar (AVLYST),  
8.mars, 12.april og 26.april  
i Norheimsund kyrkje

### • **Småbarnstreff**

annan kvar mandag i Norheimsund  
kyrkje

### • **Kyrkjekino**

- Norheimsund: fre 12.mars  
- Øystese: fre 19.mars

### • **Tårnagent**

- Norheimsund: fre 9.april  
- Øystese: fre 16.april

### • **Krølletreff**

april/mai (Norheimsund, Øystese  
og Strandebarm)

### • **Skulestartbok Øystese**

- Førsamling: onsdag 26.mai  
- Gudstjeneste med bokutdeling:  
søndag 28.mai

### • **Skulestartbok**

**Strandebarm**  
- Førsamling: onsdag 2.juni  
- Gudsteneste med bokutdeling:  
søndag 6.juni

### **PÅMELDING** til arrangementa:

[www.kyrkja.no/kvam](http://www.kyrkja.no/kvam)

# Hugs nettsidene våre:

[www.kyrkja.no/kvam](http://www.kyrkja.no/kvam)



Den norske kyrkja i Kvam





Mi salme:

# Eg ser deg, Gud

Dag-Endre Hansen

Prest



Tenk deg at vi tar bokstavane og notane i Kverno og Barstad sin salme og spreier dei utover skrivebordet. Vil vi framleis kunne seie at dette er deira salme? Det er jo dei same bokstavane og notane.

Ein god melodi eller ein god tekst er meir enn bokstavar og notar. Salmen treng ein *intensjon*. Kva intensjon les eg ut av denne salmen? Barstad sin *naturmystikk* som forankrar mitt liv i bøna som Gud ber i meg og i alt det skapte.

Kvifor har eg gjort «Eg ser deg, Gud» til *min salme*? Salmen gjer mine røter rotfeste i den Gud som strålar fram frå kvardagsrøynslene og i dei mange små ting som er i mine omgjevnadar. Paulus har malt eit tablå som har stått som ein påle i mi trushistorie: «**Han ville fullføre sin frelseplan då tida var fullmogen, å samle alt til eit i Kristus Jesus, alt i himmelen og på jorda, i han**», Ef 1,10. Alle og alt. Ingen og ingenting unnateke. Alt i himmel og på jord, heile dette tablå av natur og kultur som Barstad måler for augo mine, har del i frelseplanen som Gud vil fullføre i Kristus Jesus når tida er fullmogen.

Som indremisjonsmann er Barstad *krossteolog*. Som prest og friluftsmenneske i Volda og på Voss er han *naturmystikar*. I fellesskap med Barstad opnar *Mysteriet i naturen* seg for meg.

Det er to måtar eg nærmar meg *Mysteriet i naturen* på: 1. «Eg ser deg, Gud» for den Gud som vert talt til. 2. «Eg ser deg, Gud» for den Gud som *taler til*. 1. Gud og naturen vert iakttekne og talt til av meg. Eg ser Gud og naturen for det dei kan vere *for meg*. Dei har ikkje nokon verdi i seg sjølve, berre i den grad dei dei vert gjevne nokon verdi for meg. Ved mi definisjonsmakt tiltar eg meg eit herredøme over Gud og naturmangfaldet. Dette kan ende i høgmotet si kravfulle dogmatisme. 2.

Gud og naturen iakttar og talar til meg. Gud og naturen opnar i meg det *Mysterium* som livet sjølv er. *Amatur ergo sum* – eg vert *elska difor er eg*. Elskhugstråen vert vekt i meg ved den Gud som i språket og i skaparverket talar til meg.

Det er fridomskampen i dei lovsyngande og håpefulle tonar åt eitkvart folk og eikvar sjel trekt ned mot det tause mørkre

av mennesket sine omfamnande og kvelande tentaklar. Løvetanna ser på meg i skogkanten og seier: Eg ser deg, menneske. Mi krone er din stordom. Det vert lagt ned i deg ei fordring som ber om vern for «*alt det liv som yrer kring jordi all og høgt i stjernesveim*» og «*i mitt auga skjelver ei gledetåre, for du har oss kjær.*»

## Eg ser deg, Gud

Norsk salmebok 2013, nummer 287

*Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tiler i fagre fargar mellom stein og strå, som alle opp mot sol og himmel stirer med bjarte smil som barneaugo små.*

*Eg ser deg, Gud, i kvar den bekk som skumar i kvite fossar mellom knaus og koll og kler i brudeskaut den unge sumar og syng sitt liv utover vang og voll.*

*Eg ser deg, Gud, i kvar den tind som syner eit bilete av din stordom og din glans, når soli honom med sin gullkrans kryner, og snøen bind av sylv sin glitrekrans.*

*Eg ser deg, Gud, i kvar den sky som rodar så reint og høgt i friske morgonstund, og i det gull som eg i kvelden skodar, når dagen trøytnar mot sin kvilemund.*

*Eg ser deg, Gud i alt det liv som yrer kring jordi all og høgt i stjernesveim. Eg ser kor vel du skipar alt og styrer som kjærleg fader i ein barneheim.*

*Eg ser deg, Gud, og i mitt auga skjelver ei gledetåre, for du har oss kjær og over oss så fager himmel kvelver og gav til heim oss slik ei fager verd.*

**Johannes Andreas Barstad (1857-1931)**

# Utegudsteneste

Dei som kom til Norheimsund kyrkje til gudsteneste søndag 31. januar fekk orgellyd gjennom opne dører og høgtalarar, samisk kyrrie og glimt frå bibelarbeidet på Cuba. Bibeldagen og Samefolket sin dag vart markert på utegudstenesta. Sevinj Asgarova Øvrehus var organist og spr Lars Arne Vik var liturg. Foto: Kyrkjevert Trude Luth-Hanssen Vestbø



## Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

*Ynskjer du ei velstelt grav heile året?*

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.  
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

*For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rusk  
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.*

**HB HARDANGER BYGGSENTER**

[www.hardangerbyggjenter.no](http://www.hardangerbyggjenter.no)

**Bt BYGGtorget MESTERHUS**  
- det blir som avtalt



**Bjelland**

**Briller - kontaktlinser - ur**

[www.optikar-bjelland.no](http://www.optikar-bjelland.no) tlf.: 56 55 20 50

Byggmeister  
**PER AUGESTAD A/S**  
Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910  
Epost: [per@peraugestad.no](mailto:per@peraugestad.no) heimeside: [www.peraugestad.no](http://www.peraugestad.no)  
**MESTERHUS**  
[www.mesterhus.no](http://www.mesterhus.no)

**KLEPPE**  
HARDANGER NORGE

**KVAM**  
KRAFTVERK

**Til deg! For deg!**

**SparebankenVest**  
- satsar på vestlandet

[www.spv.no](http://www.spv.no) | Tlf. 05555

## Døyppte

### Ålvik sokn

Vetle Linga

### Øystese sokn

Amanda Flotve Vangdal  
Aksel Øyri Haukås  
Ranveig Storeide Rydland  
Sarah Spilde Byrkjeland  
Caleb Haaberg  
Vegard Aksnes  
Eirik Hammer Kaldestad  
Hans Namdal Rykkje  
Olav Namdal Rykkje  
Thea Namdal Rykkje  
Sverre Flotve-Mo

### Vikøy sokn

Andrea Tveit Rykkje  
Silas Aga Ystheim

### Strandebarm sokn

Øystein Huus Oma  
Sander Røyrane Kjølby

## Vigde

### Vikøy sokn

Åsa Sandven og Tom Christian Lie Vikør

## Døde

### Ålvik sokn

Jenny Lilleås Ramstad (f.1930)  
Johanne Gjertine Gjelseng (f.1932)  
Hjørdis Bertha Kvåle (f.1933)  
Berit Johanne Vines (f.1925)  
Manfred Gerhard Ebersbach (f.1927)

### Øystese sokn

Trygve Freyvald Guldbrandsen (f.1931)  
Sigvald Linga (f.1922)  
Henry Rykkje (f.1942)  
Randi Olsen (f.1935)  
Brikt N.Valland (f.1925)  
Hillfrid Heggland (f.1922)

### Vikøy sokn

Alis Øvsthus (f.1935)  
Alfred Mo (f.1929)  
Arne Skutlaberg (f.1953)  
Lasse Byrkjeland (f.1933)  
Borghild Andersen (f.1929)  
Marit Gilborne (f.1932)  
Ingebjørg Gamlem (f.1945)  
Maria Drage (f.1925)  
Gunn Alice Berge (f.1946)  
Astrid Elise Skutevik (f.1925)  
Liv Turid Neteland (f.1938)  
Marie Byrkjeland (f.1927)  
Helge Lønning (f.1941)

### Strandebarm sokn

Åslaug Kirsten Børsheim (f.1927)  
Gunnvor Sekse (f.1928)  
Hildur Arnøy (f.1939)  
Kristi Djupesland (f.1928)

## «Du som låg i natti seine»; -ein strid aldri gløymd

**-Alt smeltar saman til ein uskiljeleg og usliteleg einskap – vidunderleg, skriv Arne O Sørheim i påskehel-singa si om Jakob Sande si salme Du som låg i natti seine.**

Dagen er nyss sproten. Skoddedottar kliv fjellsidene. Bleike bær lunar seg i låg morgonsol og varslar vår. Påskehelga står for døra. I vekevis, mest, har massemedia masa om ferie og friluftsliv ved fjord og i fjell. Ja, alt dette tykkjest vel unt og rett-vist, ikkje minst no i ei tung og trugande koronatid.

Likevel, kan dette vera heile meininga med påskehelga? For å få bukt med desse tankane, jaga dei på dør, som eldre folk før ordla seg, trykkjer eg liv i pc-en og leitar fram YouTube. Etter sekundar fyller tonar rommet, kryp inn i kvar krik og krok i kroppen; mettar alle sansar. Fred Ove Reksten syng og spelar gitar, sterkt og kjenslevart. Orda er Jakob Sande sine, tonane hans eigne. Alt smeltar saman til ein uskiljeleg og usliteleg einskap – vidunderleg! Ikkje veit eg om nokon annan som kunne ha tolka denne teksten på ei likare vis – heilt i Sandes ånd!

«Du som låg i natti seine;» har de høyrnt maken til sinnsprengjande ord? Visseleg, dei må vera verkte ut or eit vart, men likevel ut ord eit sterkt, prøvt sinn. Scenen er sett! Sein langfredagsnatt – Getsemane – oljelunden – bekmørker – einsemd – liding!

Du som låg i natti seine,  
sorgtung, vanvyrd og åleine,  
skjelvande på såre kne.  
Du som trufast skåli tømde  
medan alle dine rømde,  
stridsmann frå Getsemane.

Kunne nokon ha det verre?

Så, før ein rett får summa seg, stig ein nye scene fram; ny spott, hugverk og liding; steinkald einsemd mellom murveggane i Pilati borg isar gjennom lesar og lydar:

Du som spotta vart og banna  
krynt med klungerkrans om panna  
Medan augo brann i sorg.  
Du som stod i namnlaus pine  
skild frå dei du kalla dine,  
einsam i Pilati borg.

Strofe tre – diktaren kastar dramaet inn i stova til meg. Eg kan ikkje vika unna, løyna meg, må vera med til Golgata, vera vitne til det siste, store slaget for å fria ut ei forvillla menneskeætt og ei skeivkøyrd verd. Orda *nagla* og *hagla* borar seg inn. *Nagla* - ordet jagar blendande verk gjennom meg som lesar og lydar! *Hagla* – piskande smerte svir mot bar hud!

Du som hekk til krossen nagla  
medan blodut sveitte hagla  
frå di panne då du sa:  
«Fader, kvifor gjekk du frå meg?»  
Å, la nådens blodstraum nå meg!  
offerlam frå Golgata.

Sjeldan, om nokon stad i litteraturen, ser ein ei ærlegare og sterkare bøn om oppreising og frelse for eit nedbrote menneske enn i strofe fire. Heile teksten er gjennomsyra av ekte lengt mot det evige, der all jordisk liding har eima bort!

Lær mi sjel kor du laut lida  
syn meg såret ditt i sida  
styrk og nør mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender  
så eg frelst mitt auga vender  
opp til deg, på krossen, du!

Nokre vil visseleg i nær framtid stilla meg to spørsmål: Skal du til fjells i påskehelga? Skal du sjå påskekrim på TV?

På det første vil svaret vera: «I år får "påskefjellet" vera *berre fjell*. Ein "tatletur" i Aksnes-marka høver betre for ein i min alder.»

På det andre kan eg svare eit klart: «Nei! Dramatikken i Jakob Sandes vakre pasjonssalme held for meg.»

## God påske!

Arne O. Sørheim



# Informasjon

Avsender:  
Kyrkjeblad for Kvam  
Postboks 39  
5601 Norheimsund

